



Arkitektgruppen CUBUS AS  
Pb 294 Setnrum  
5804 Bergen

ARKITEKTGRUPPEN CUBUS AS		
12 AUG 2022		
J.NR. <i>OL</i>	ANSV. <i>HKV</i>	KOPI

**Vår dato:** 12.08.2022

**Vår ref.:** 202213055-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 068-22/HKV

**Sakshandsamar:** Margit Sandem  
Fjellengen, masf@nve.no

## **NVE sitt innspel - Varsel om oppstart - Reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone - Gnr. 86 bnr. 5 m.fl. - PlanID 46302022001 - Osterøy kommune**

Vi viser til brev datert 01.07.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone, Gnr. 86 bnr. 5 mfl., PlanID 46302022001. Føremålet med planarbeidet er å sikre ålmenn og universell tilkomst til strandsona, fellesnauast for lagring og handsaming av utstyr, kai for m.a. kajakkar og liknande, og behov for nye eller omplasserte båtplassar.

### **Om NVE**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (tbl).

### **Konkrete innspel**

#### *Planområdet er skredutsett*

Det er gjennomført kartlegging av skredfare i planområdet. Faresonekart finn de på [NVE Atlas](#). Kartlegginga syner at mindre deler av planområdet er skredutsett. De må innarbeide faresonenene i plankartet som omsynssoner H310 Ras- og skredfare. Til omsynssonene knyter de føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3, før utbygging kan finne stad. Slike føresegner kan til dømes vere forbod mot utbygging, og/eller rekkefølgjeføresegn med krav om risikoreduserande tiltak før utbygging. Dersom det området ein skal gjennomføre risikoreduserande tiltak i ligg utanfor planområdet så bør de utvide planområdet og innarbeide dei risikoreduserande tiltaka i planen.



### *Utfylling i strandsona kan utløyse skred*

Planområdet ligg langs sjøen med ei lang strandsone. I NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. Vi rår dykk til å sette slike krav i føresegnehene til planen, sjølv om ROS analysen skulle konkludere med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire.

### **Generelle råd**

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internetsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. [Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt](#). Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioritærer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen  
Førstekonsulent

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

Arkitektgruppen CUBUS AS

### **Kopimottakarar:**



Osterøy kommune  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND